

MEMOAR

Medlemsbrev #1-2017

Sundag 22/1:

Nytt sjømannsintervju

Egil Røstvær skal fortelja om sitt sjøfarts- og Nordsjøliv på Bergens Sjøfartsmuseum 22. januar kl 13 - ca 15. Han har minner frå handelsflåten, skipsbygging, Marinen og Nordsjøen. Intervjuar vert Bjørn Enes

Onsdag 3. mai:

Nytt materiale om front-kjemparar

Memoar og professor emeritus Stein Ugelvik Larsen vil presentera munnleg historie i form av minneopptak med nordmenn som melde seg frivillig til krigsteneste for Tyskland på austfronten 1941-45. Opp-taka er frå 1990-talet, og er tidlegare upubliserte



(Hysj.....): Me får KULTURVERNPRISEN(!)

Byråd for kultur, klima og næring Julie Andersland, har bestemt at Bergen Kommune sin kulturverpris for 2016 skal gå til Memoar! I skrivande stund (20/1) er det ikkje offentleggjort. Men me har visst det sida nyttår - og klarar ikkje halde det hemmeleg lenger. Medlemmene må få denne meldinga.. Bortsett frå heider og ære er prisen på 50.000 kroner!



Infrastruktur: Ny sky-tenesteavtale

Memoar har etablert avtale med WeVideo.com om 50 brukarlisensar for redigeringsprogrammet med same namn. Me kan redigera 250 Gb video på same tid, og rendra 50 timar ferdig video i månaden. Saman med avtalene med Dropbox og Vimeo har me dermed ein full infrastruktur for redigering, arkivering og publisering.



Prosjektleiar Jostein Saakvitne har no søkt Fritt Ord om støtte til arbeidet med å digitalisera, dokumentera, publisera og avlevara materialet etter «Norgesokumentasjon», som samla 450 minneopptak på 1990-talet. Det trengst fleire frivillige med i dette arbeidet, enten me får positivt svar eller ei. Følg utviklinga på Dugnad.Memoar.no

Gratis intervjustudio i Bergen



Årsmøtet 7/12:

Årsmelding og rekneskap vart godkjente. Begge er å finna i dokumentarkivet - og der er peikarar i referatet (sjå Framdrift.Memoar.no)

Det nye styret er: Bjørn Enes, Jostein Saakvitne, Astrid Helene Olsen, Camilla Bøe, Liv Marit Dalen Goldstein. Vara: Svein Houge og Ada Freng



Edmund Hellman har delt si forteljing

Nytt sjøfartsintervju er publisert. Hellman gjekk til sjøs i 1954, og trivdest så godt at han gløymde å skriva heim i 10 år. Han gjekk frå båt til båt - bortsett frå ein gong då han rømte, vart svartelista og gjekk på bommen i New Orleans. Han seilte i maskin, og fortel mellom anna om alle tre typane dampmaskinar. Sjå <http://Edmund.Hellman.Memoar.no>

BYMUSEET.

Nye museumsamarbeid:

Bymuseet i Bergen og Memoar samarbeider i januar 2017 om eit pilotprosjekt der sju museumstilsette skal gjennom tre kursdagar for å laga tre dokumenterte intervju om brannhistorie. Tanken er at denn pilotgruppa skal fylgjast opp av eit større samarbeidsprosjekt seinare i år. For memoar sin del er oppstarten ein del av Krafttak.Memoar.no

Østfoldmuseene og Memoar har starta eit liknande samarbeid, i fyrste omgang om eit helgekurs i Sarpsborg 3-5 mars. Deltakarar vert både frivillige og tilsette i museet som skal samle munnleg historie om Borregårdsamfunnet.